

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 16.3.21

Stad: Fjordsenteret

Sak 9/21. Administrasjon av Aurland fiskeadministrasjon sin bankkonto

Saksopplysning/vurdering

På Aurland fiskeadministrasjon sitt årsmøte den 3. mars var ei av sakene utfordringa denne organisasjonen har hatt med å få godkjent registrering i Brønnøysundregisteret og tildeling av organisasjonsnummer. Dette må til for å få behalda disposisjonsretten over bankkontoen. Det er prøvt ulike modellar og vedtektsutkast, utan at ein har lukkast med å få godkjent registrering. Det har difor kome opp eit forslag om å leggja kontoen administrativt inn under ein eksisterande organisasjon, og den kanskje mest nærliggjande vert då fjellstyret, siden fjellstyret er den største parten i fiskekortsamarbeidet, med 40-50 % av den årlege fiskekortinntekta, og har gode ordningar for rekneskap og revisjon. Fjellstyret sin rekneskapsførar er rådspurd, og han ser ingen problem med ei slik løysing.

Det er nokre tilhøve ein må tenkja gjennom før ein går inn på ei slik ordning med overføring av bankkonto:

- Det enklaste alternativet (ifølgje rekneskapsførar) er at kontoen til fiskeadministrasjonen kjem fram på årsoppgåva til fjellstyret, men utan å blanda det inn i fjellstyret sin rekneskap. Her er svaret frå han Johannes på rekneskapskontoret: - *Rekneskapsmessig vil ikke det vere noko stor sak, men eg vil tru at det vil vera behov for ei avklaring om det skal integrerast i Fjellstyret si verksemd, eller det berre er ein ekstra bankkonto som kjem på årsoppgåva til Aurland Fjellstyre. Det siste vil vera det enklaste. Då kan ein setja opp rekneskapet for Aurland fiskeadministrasjon på same måte som det er gjort til no, og ein blandar ikkje transaksjonane inn i Fjellstyret i det heile.*
- Viss ein derimot «integrerer det i fjellstyret si verksemd,» vil fiskeadministrasjonen sitt netto årsresultat koma fram i fjellstyrerekneskapen, anten som pluss eller minus. Normalt vert nær 100 % av det som kjem inn gjennom fiskekortsal, etter at provisjon til seljarane er utbetalt, fordelt til dei einskilde sonene, slik at årsresultatet vert tilnærma 0. Nokre år har det vore sett av ei administrasjonsavgift på 5 % av salet. Då er det denne som eventuelt vil utgjera eit overskot for Aurland fiskeadministrasjon, og som vil kunna føra til at posten «Fiske» i fjellstyrerekneskapen syner eit betre resultat enn det som er reelt fiskekortsal på statsallmenningen.

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 16.3.21

Stad: Fjordsenteret

Sak 9/21, side 2.

- Dersom fiskeadministrasjonen sine innskot og -utlegg skal førast som ein del av fjellstyrerekneskapen, vil det føra til noko meir arbeid på rekneksapskontoret som vil måtta belastast fjellstyret, kanskje og litt ekstra tidsbruk i samband med revisjon.

Uavhengig av kva opplegg som vert valt, vil det framleis vera styret og årsmøtet for Aurland fiskeadministrasjon som gjer alle vedtak som gjeld disponeringa av pengane på bankkontoen. Ut frå det som har kome fram så langt, vil eg rå til at fjellstyret tek på seg administrasjonen av bankkontoen til Aurland fiskeadministrasjon, men at dette så langt som råd ikkje skal føra til endringar i fjellstyret sin eigen rekneskap eller nye kostnader for fjellstyret.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret stiller seg positivt til å overta administrasjonen av Aurland fiskeadministrasjon sin bankkonto, for å løysa problemet med registrering/manglande organisasjonsnummer. Fjellstyret føreset at dette ikkje fører med seg vesentleg auka kostnader for fjellstyret. Vidare føreset ein at disponeringa av inneståande midlar på kontoen vert gjort av Aurland fiskeadministrasjon, som før.

Fjellstyrekontoret, den 10.3.21

Harald Skjerdal